# 9B

Lockdown veke 17

| TID | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| 08.30-09.15 | Matte/naturfag | Mat og helse | KRLE | Tysk/Arb | Engelsk |
| 09.15-10.00 | Samfunnsfag | Mat og helse | Musikk | Tysk/Arb/Samf | Norsk |
| 10.20-11.15 | Matematikk | Mat og helse | Samfunnsfag | Matte | Norsk |
| 11.50-12.35 | Naturfag | Norsk | KRØ | UV/Kl.time | Valfag |
| 12.35-13.20 | KRLE | Norsk | Engelsk | KRØ | Valfag |
| 13.40-14.25 | Tysk/Arb | Matte | Engelsk | Naturfag | Valfag |

**INFORMASJON:**
Kontaktlærar: telefon 48002961
Melding: Appen “Visma min skole”

Lockdown veke 5!
Kvar morgon møter de opp i Teams, klokka 0830 for morgonmelding. Me tek eit opprop kvar dag, tidspunkt for oppropet vil stå i morgonmeldingen, så det er viktig at alle les og «liker» meldinga.

Me held fram med arbeidsplan. Det er viktig at de lagar dykk ein god plan måndag morgon slik at de kjem gjennom alt arbeidet ila veka. Eg legg ut forslag til dagsplan som de kan følgje (oppmodar til å nytte denne dersom det er vanskeleg å strukturere sjølv).

Hugs å ta kontakt med faglærarar dersom det er noko som er vanskeleg. Me sit klare til å hjelpe dykk!

De er superflinke!!

Denne veka skal me gjennomføre utivklingssamtalar. Les gjennom vurderingane som ligg i Visma på førehand.

**TEST/PRØVE**
**English:** Oral presentation of the “Fight for your rights” project. Tuesday 21st and Thursday 23rd

# ARBEIDSPLAN

<table>
<tr><th></th><th>Faglege mål:</th><th>Lekser:</th></tr>
<tr><td>Matte</td><td>Funksjonar<br>Kunne teikne og bestemme punkt i eit koordinatsystem<br>Vite kva proposjonalitet er<br>Tolke ulike lineære samanhengar<br>Forstå omgrepet funksjon<br>Tolke og teikne grafen til lineære funksjonar<br>Lage funksjonsuttrykk for samanhengar i daglegliver</td><td>Måndag 20.04 – kl 09:00 skal me ha mattetime og gå gjennom s.196-197<br><br>Til tysdag 21.04 – Gjer oppgåve 1-7 s.197<br><br>Torsdag 23.04 – kl 09:00 skal me ha mattetime og gå gjennom s.198<br><br>Til fredag 24.04 – Gjer oppgåve 8-10 s.198</td></tr>
<tr><td>Norsk</td><td>Litteraturhistorie:<br>-gje att hovudtrekk i romantikken og nasjonalromantikken</td><td>GRUPPEARBEID<br>Denne veka skal de bruke norsktimane til eit lite gruppearbeid. De skal jobbe i grupper på tre. De er viktig at arbeidet foregår i videochat og at alle tre er med.<br>Oppgåve:<br>-finn tre måleri/kunstverk som høyrer til perioden romantikken/nasjonalromantikken. Måleria skal vere av tre ulike kunstnarar.<br>-forklar korleis de ser at dei høyrer til i denne perioden<br>-resultatet skal presenterast i ein powerpoint og framførast til lærar måndag 27. april. Presentasjonen skal vere ca 5 min. De får innkalling til møte!<br><br>Kirsti/Gjertrud ringer dykk måndag 20. april kl. 12.00</td></tr>
<tr><td>Engelsk</td><td>Practice speaking English and presenting to your classmates and teacher</td><td>Oral presentation of the “Fight for your rights” project. See groups and time below:<br><br>
<table>
<tr><th>Tysdag kl 10.00</th><th>Torsdag kl 10.00</th></tr>
<tr><td>Tonje Marie</td><td>Ronny</td></tr>
<tr><td>Jørgen</td><td>Karstein</td></tr>
<tr><td>Victoria</td><td>Jakob</td></tr>
<tr><td>Mari</td><td>Eskil</td></tr>
<tr><td></td><td></td></tr>
<tr><td>Tysdag kl 12.00</td><td>Torsdag kl 12.00</td></tr>
<tr><td>Joakim</td><td>Mathilde</td></tr>
<tr><td>Sigrid</td><td>Fredrik</td></tr>
<tr><td>Per Gunnar</td><td>Celine</td></tr>
<tr><td>Eirill</td><td>Sander</td></tr>
<tr><td></td><td>Gjert Andreas</td></tr>
</table>
<br>De skal presentere prosjektet dykkar (fight for your rights) til resten av gruppa og Helge. Helge lagar gruppechatter for kvar einskild gruppe, og startar videomøte litt før tida. Deretter skal de presentera ein etter ein. Dykk er nøydt til å være klar når det er tid for din gruppe å framføre! Hugs at denne oppgåva er del av vurderingsgrunnlaget ditt i engelsk. Eg veit at nokon syns det er litt ubehageleg å snakke engelsk framfor andre, men derfor har me små grupper. Dette er berre god trening, og noko eg meiner dykk alle vil få til  Lykke til!</td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| Samfunnsfag | Forklare årsaker til den økonomiske krisa som kom i USA i 1920-åra.<br>Vurdere kjelder - forstå korleis våre livsvilkår og verdiar endrar seg over tid. | Les og ta stikkord frå s. 66-69 i historieboka.<br><br>Gjer oppgåve 4-6, 10 og 17 s. 70-71 |
| KRLE | Gje ei oversikt over viktige historiske hendingar i buddhismen | Denne veka skal de legge lydfiler inn i ein powerpoint som eg allereie har laga. I powerpointen har eg skrive stikkord frå s. 156-160 i KRLE-boka. De skal legge inn lydfiler der de forklarar og greier ut om dei ulike stikkorda. Powerpointen heiter "historia til buddhismen", og ligg under filer -> KRLE 9.klasse. Her finn de òg eit skjermopptak som viser og forklarer korleis de legg inn lydfiler i powerpoint. Viktig at de sjekkar lyden på lydfilene etter kvart. |
| Naturfag | I løpet av denne perioden skal du kunne Fortelje korleis råolje og naturgass har vorte til, korleis desse stoffa blir brukte, og korleis dei påverkar miljøet Forklare korleis vi kan bruke fossit brensen til å produsere elektrisk energi Fortelje korleis vi kan framstille plaststoff frå råolje, og korleis stoffa kan behandlast vidare Gjere greie for viktige eigenskapar hos plast, og for korleis desse eigenskapane kan forklarast ut frå den indre bygnaden til plaststoffa | **Til tysdag 21.04 –** les s. 173-174, gjer oppgåve 6.1 og 6.2 s.189<br><br>**Til fredag 24.04 –** les s. 175-176, gjer oppgåve 6.3, 6.5, 6.6 og 6.7 s.189-190 |
| Tysk | **Lektion 8:**<br>**-lære deg tyske ord knytt til ulike elektroniske medium**<br>**-kjenne til nokre attraksjonar i Kiel** | **Montag:** Les tekst 8A s. 168 -169. Gå gjennom dei utheva orda i «Vokabeln» s. 181. Finn setningane i stykket der orda er brukt, og skriv desse ned.<br>**Donnerstag:**<br>1)Sjå på grammatikken s. 182-183. Skriv desse reglane inn i regeleboka di. Dersom du ikkje har med regelboka heim, må du skrive det inn i word, og så limer vi det inn når vi kjem på skulen igjen.<br>2) Gjer oppgåve 6b s. 175 |
| Arbeidslivsfag | Mål:<br>Berekne kostnadar og forklare økonomiske forhold<br>Bruka relevante faguttrykk<br>Dokumentere og presentere eige arbeid ved hjelp av digitale verkty<br>Likskap mellom skissa | Denne gongen skal de bruke skissa og planteikninga de lagde før påske til å lage rommet dykkar i homestyler. De finn oppgåvebeskriving i arbeidslivsfag sitt team -> filer -> undervisingsmateriell -> planteikning av rommet mitt del 2. Les nøye gjennom.<br>Leverast i oppgåver seinast fredag 24. april kl. 14.30.<br>Alt innleveringsarbeid blir ein del av vurderinga til sommaren. |

| | | |
|---|---|---|
| | og planteikning i Homestyler<br>Rekne ut $m^2$ | |
| Mat og helse | Periode 8<br><br>Kritisk vurdere informasjon om matproduksjon og drøfte korleis forbrukarmakt kan påverke lokal og global matproduksjon<br><br>Heile leksjonsplan for periode 8, finn du i mat og helse mappa på Teams. | **Til torsdag 23.04 -** lag eit dokument i mat og helse mappa di som heiter: Veke 17 – der skal du leggje inn dei skriftlege og dei praktiske oppgåvene<br><br>**Veke 17 – mat frå havet**<br>Les s.127 – 131<br>Gjer oppgåve 1-3 s.131<br><br>**Praktisk:** mat frå havet<br>Du skal lage ein middagsrett som inneheld fisk.<br>- fiskekaker i tortillalefse med grønsaker<br>- fiskegrateng med potet og raspa gulrot<br>- steikt laks med pasta og pesto<br>- kokt torsk med poteter, bacon og gulrot<br>- fisketaco med grønsaker<br>- fiskesuppe med skaldyr og fisk, servert med brød<br>- fiskebollar i kvit saus med poteter og gulrot<br><br>Sjå tips til korleis ein tilbereder fisk på s.130<br><br>**Ta bilde av det ferdige resultatet og svar på spørsmåla:**<br>- kor mange gonger i veka bør me ete fisk?<br>- finn ut om du har laga feit eller mager fisk. Kva er forskjellen?<br><br>NB! Sjå kva du finn i frysen, kjøleskåp og i skåpa heime.<br><br>For fleire oppskrifter gå til www.matopedia.no (passord GratisElev2020) |
| Musikk | Å skildre musikalske stiltrekk frå rytmisk musikk.<br><br>Å gjere greie for korleis musikk gjenspeiglar trekk ved samfunnsutvikling og ungdomskultur, og korleis dette kan kome til uttrykk gjennom ulike former for musikk. | I løpet av denne og neste veke skal du gjere ferdig ei fordjupingsoppgåve om musikksjanger. Truleg har du kome godt i gong med dette.<br>Sidan vi ikkje kan møtast på skulen med det første, må vi gjere nokre endringar:<br><br>• Du kan få velje om du vil fortsetje med den musikksjangeren du har begynt med, eller om du vel ein annan. Før du startar på oppg., ønskjer eg å vite kva sjanger du har valt.<br>• Oppgåva vert lagt ut med endringar på Teams under "Musikk" - "NY Fordjupingsoppgåve - musikksjanger".<br>Tips til kjelder finn du også her.<br><br>NB!<br>Pass på at du finn nok fakta om den sjangeren du ønskjer å fordjupe deg i. Det kan vere lurt å sjekke opp forskjellige sjangrar før du bestemmer deg.<br><br>For å oppnå høg måloppnåing vert det forventa at du kan vise til kjelder/litteratur, og at du brukar fleire og ulike kjelder/litteratur.<br><br>Lukke til!😉<br><br>**Innlevering av fordjupingsoppgåva torsdag 30. mai på** |

| | | |
|---|---|---|
| | | **Teams.** |
| Kroppsøving | Friluftsliv i nærområdet | Denne veka skal alle elevane i 9A og 9B gjennomføre **2 økter** som omhandlar friluftsliv. Kvar økt skal vare i minst 45min, og selfie frå aktiviteten skal sendes til Helge M på chat.<br><br>Forslag til aktivitetar:<br>• Fottur/fjelltur i nærområdet<br>• Lag lunsj/middag på tur ute<br>• Lag din eigen gapahuk<br>• Løp deg ein tur i fjellet<br>• Overnatt ute og nyt stjernehimmelen!<br><br>Om du vel ein lengre økt (til dømes overnatting ute) gjeld dette sjølvsagt som meir enn 2 økter! Det er meldt strålande vær denne veka, som kom dykk ut og nyt den flotte naturen rundt Hafslo.<br><br>Ekstra utfordring til de tøffeste: Bad i eit fjellvann, Hafslovannet eller i fjorden! |
| Fysisk aktivitet og helse | | Sjekk ut kva vårteikn er på internett. Gå ein lengre tur i nærområdet der du leitar etter vårteikn og tek bilete av teikna. Send desse bilda på chat til Runar. |
| Programmering | | Instruksjon og oppgåve kjem på Teams HBUS Programmering valfag. Hugs å legge inn kodane du har laga med forklaring under "hjemmearbeid" i klassenotatblokka i teamet. Ta gjerne kontakt på chat for ein kodeprat! |